

Uselde varer fyller butikken

29.08.2011



Mykje spennande å henta i butikken

Lises Krambu, den mest spesielle og sjarmerende butikken i heile Kvinnherad, er no fylt av ting og tang i enda større grad enn han plar vera.

Det seier ikke så lite, og grunnen er at den store auksjonen som Inger Lise Eidsvik fekk i stand i Helgheim laurdag - gjekk tregare enn venta.



Minsteprisen vart ein bremse på auksjonen. På scena er Inger Lise Eidsvik og Oddmund Totland.

- Det som ikkje vart sold, står her i butikken og det går unna etterkvart. Folk kan berre koma til meg og handle, seier 73-åringen som bestemt avviser at auksjonen var eit avviklingstiltak og at ho etter den har enda større lyst til å leggja inn årene.

- Auksjonen var slett ikkje meint slik og den har på ingen måte fått meg til å mista motet. Eg har halde på i 26 år og kjem til å halda fram. Eg stortrivs med å handla og snakke med folk. Hensikten med auksjonen var å lage til noko utanom det vanlege i Uskedalen. Trass i alt skjer det ikkje så mykje her.

Og når det gjeld frammøtet er eg svært imponert over at det kom så mange som 150. Det var langt fleire enn eg venta.

- Men så var det dette med minsteprisen som fungerte som ein hemsko..

- Det vart operert med minstepris fordi eg sel på kommisjon og beheld 20 prosent. Men vi skulle ikkje ha nytta det ordet. Vi skulle til orientering ha opplyst at dei mest verdfulle gjenstandane var taksert til ein bestemt sum av kvalifiserte folk.

Vi fekk mykje lærdom under auksjonen og eg vil takka auksjonarius og alle dei andre hjelparane for ein kjempejobb.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen